

## Saksprotokoll i fylkestinget - 11.03.2014

**Aud Karin Oen** sette fram slikt forslag:

1. "Fylkestinget tek Kollektivmeldinga 2013 til orientering med desse tillegga:
2. Fylkestinget viser til Bergen kommune sitt framlegg om miljødifferensierte bompengar. Fylkestinget ber om at Bergen kommune innfører miljødifferensiert sambruksfelt på 4-felts innfartsårer med opning for varetransport med Euro6 motor i ei forsøksordning på 2 år.
3. Fylkestinget tek kontakt med samferdselsministeren med støtte til Statens Vegvesen Region Vest sitt framlegg om at sambruksfelt som forsøksordning ikkje er i tråd med Politiets trafikksikkerheitsarbeid.
4. I tråd med Urbanett si "Drøfting av tiltak for å redusere biltrafikken i Bergensområdet" tabell 1.4 ber fylkestinget Bergen kommune om å redusere talet på offentlege P-plassar i sentrum av Bergen når bybana til Flesland står ferdig."

**Aud Karin Oen** sette fram slik protokollmerknad:

"SV har som prinsipp at kollektivfelt skal vera for kollektivtransport, men kan støtte overgangsordningar for el-bilar og varetransport med miljøvenleg motorteknologi."

### Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Oen sitt forslag punkt 1 fekk 2 røyster (SV) og fall.

Oen sitt forslag punkt 2 fekk 12 røyster (SV, MDG, KrF, Sp) og fall.

Oen sitt forslag punkt 3 fekk 2 røyster (SV) og fall.

Oen sitt forslag punkt 4 fekk 4 røyster (SV, MDG) og fall.

### Vedtak

1. Fylkestinget tek Kollektivmeldinga 2013 til orientering.
2. Drosjenæringa utgjer ein del av kollektivtilbodet i Hordaland (skulekøyring, bestillingsruter osb.), og ber om at dette vert omtalt både til denne og i neste kollektivmelding.
3. Neste kollektivmelding bør og innehalde ein oversikt over gebyrdelen, samt bonus/malus.

### Protokollmerknad frå SV

SV har som prinsipp at kollektivfelt skal vera for kollektivtransport, men kan støtte overgangsordningar for el-bilar og varetransport med miljøvenleg motorteknologi.